



Innrykket også av uskedelinger plar vera stort i Fjellhaugen i påska. Her er Vegard Lilleaas klar i skitrekking i påska i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fjellhaugen Skisenter tek sikte på å halda ope frå og med palmelaurdag føremiddag og kvar dag gjennom heile påskehelga, opplyser Olav Gunnar Hjelmeland til uskedalen.no. Tilhøva i skisenteret er framifrå med omsyn til snømengda – det er godt med snø i området og fint i nedfartane.

At påska kjem så tidleg er både ein fordel og ein bakdel for skisenteret. Føret blir sikra, men sesongen blir stutt. - Det skal med andre ord ikkje stå på snøen, det er veret som blir avgjerande for om vi skal få god påsketraffikk, seier Hjelmeland.

Han må erkjenne at det har vore ein svært dårleg sesong så langt på grunn av dårleg ver. Det har vore mykje stenging også i helgane og Hjelmeland håpar inderleg at påska blir bra slik at statistikken kan bli retta opp. Varsla for påskehelga verkar heldigvis lovande så langt. Det bør heller ikkje bli kommunikasjonsproblem for dei som skal til Fjellhaugen, for det er berr veg heilt fram til parkeringsplassane.

I fjor var påska atskillig seinare, men det var mogeleg å halda ope gjennom heile helga også då sjølv om det røynt på og dei måtte køyra på ein god del snø.. Den store trafikktoppen var som tradisjonen tilseier langfredag og då selde dei 200 billetter medan det ellers svingte mellom 50 og 100.

For dei som ikkje veit det er skitrekket i Fjellhaugen 1.000 meter langt og har ein kapasitet på 900 i timen. Det er to nedfartar med ein høgdeskilnad på 175 meter. Og så kjem det fine turtilbodet i tillegg...

Av Ola Matti Mathisen